

## Protokoll styremøte i Valdresmusea AS

**2022:1**

Stad: Valdres Folkemuseum

Tidspunkt: Onsdag 23. februar kl. 15.00

Til stades frå styret: Jan A. Berg, Jørand Ø. Lunde, Frode Rolandsgard, Brita Brenna, Kristin Gulbrandsen, Arne E. Fønhus, Odd A. Klemmetsrud. Til stades frå administrasjonen: Ole Bråten, Tove Stubbene og Anne M. Noraker.

### Sak 1/2022: Årsrekneskap

Årsrekneskapen for 2021 viser eit resultat på kr 434 851. Dette er eit godt resultat som ligg over resultatmålet vedtatt av styret (kr 200 000). Om lag halvparten av resultatet skuldast vakanse og lågare reisekostnader (færre feltarbeid) ved NBF. Administrasjonen tilrår at årsoverskotet blir tilført eigenkapitalen.

Det er ein nedgang i eigeninntektene for 2021, som skuldast færre inntektsførte prosjektinntekter. Slike inntekter følgjer suksessivt framdrifta i dei einskilde prosjekta, og følgjeleg vil dei svinge frå år til år. 2020 var på mange måtar eit ekstraordinært år, og prosjektinntektene knytt til dei store ombyggingsprosjekta vart inntektsført dette året. I 2021 vart dei same tiltaka ferdigstilte, i hovudsak finansiert med lån. Men fleire prosjektoppgåver ventar, og med desse følgjer prosjektinntekter på snaue 6,5 millionar kroner.

Ikkje minst bør vi glede oss over auka i billett- og butikksalet – som for 2021 er tilbake på 2019-nivå. Det betyr at vi har kome oss gjennom to år med pandemi utan altfor store økonomiske konsekvensar. Så har også Covid-støtta frå KUD bidrege til at vi kunne halde butikken og museet ope for gjestene gjennom dei to pandemiåra.

Auka i billett- og butikksalet følgjer dei måla og ambisjonane som vart satt for utstillingsprosjektet, og som vart uttrykt i søknaden til KUD: med nye utstillingar var målet å halde museet ope heile året, og å auke billettinntektene og salet av varer i butikken. Langt på veg har vi lukkast med dette.

Tilskottet frå Innlandet fylkeskommune har ligge flatt i fleire år. For 2022 blir dette redusert med 70 000. Det har vore ein krevjande situasjon for fylkeskommunen som har redusert drifta. kroner. Museumsforum Innlandet er ein viktig museumspolitisk kraft og jobbar for å snu denne trenden.

Tilskottet frå kommunane ligg òg flatt. Dette følgjer folketalsutviklinga, og kompensasjon for løns- og prisvekst følgjer ikkje. Statstilskottet har auka jamt sidan 2104, men har utelukkande gått til å styrke musikk- og draktarbeidet, samt arbeidet med mangfald og samfunnsrolle. Følgjeleg bør ein legge desse forholda til grunn også for dei framtidige søknadane til KUD.

### Vedtak:

*Styret vedtek årsrekneskapen for 2021.*

### Sak 2/2022: Prinsipp for deltaking i høyringsprosessar

Eigarane ber styret gjere greie for rutinar og rolleavklaring for deltaking i høyringsprosessar og høyrings-svar. Bakgrunnen er høyringssvaret Valdresmusea sendte fylkeskommunen, til spørsmålet om deling av Innlandet fylkeskommune. Tre vedlegg følgjer saka.

#### Vedtak:

*Valdresmusea skal vere ein aktiv høyringspart i lokale, regionale og nasjonale saker som rører ved museum, kultur og kulturarv. Dersom det er saker av kontroversiell art skal saka drøftast med styret.*

### Sak 3/2022: Drøftingssaker

- Dialog med Norsk kulturråd om vidare prosess rundt Bagnsbergatn
- Straum og kraftprisar – konsekvensar for Valdresmusea
- Prosjektbudsjettering og -rekneskap – korleis fange heilskapen?

#### Vedtak (og søker til neste møte):

- Bagnsbergatn: Styret ber administrasjonen legge fram ei sak med forslag til strategi for å sikre ei kommunal/regional medfinansiering for framtidig drift av Bagnsbergatn – før ein går i dialog med KUD om ei statleg medfinansiering.
- Straum: Styret tilrår inga bindande straumavtale no. Styret ber om forslag til tiltak gjennom revidert budsjett i juni. Styret ber administrasjonen sjå på alternative energikjelder i samband med eit framtidig rehabiliteringstiltak av taket på Velkomstbygget.
- Styret ynskjer ein prinsippdebatt rundt framstilling av prosjekt i budsjett og rekneskap.
- Framtidige rehabiliteringstiltak på Velkomstbygget: Styret ber om ei framstilling av forhold som har ført fram til dagens skadesituasjon. Styret ber om ein gjennomgang av saka i neste styremøte, samt ei drøfting av strategi for finansiering av framtidige tiltak.
- Vedlikehaldsplan: Frå Takst Innlandet har ein fått utarbeidd forslag til vedlikehaldsplan for Velkomstbygget. Plana er eit godt utgangspunkt, men det er behov for å supplere og justere denne noko. Styret godkjenner plana, så snart den er gjennomgått i administrasjonen.